

Møteinkalling

Utvalg: **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen
nasjonalparkstyre**

Møtestad: E-postbehandling

Dato: 01.04.2019

Tidspunkt:

Eventuelt forfall må meldast snarest til underteikna.
Vararepresentanter deltek i behandlinga etter nærmere beskjed.

Med helsing

Kari Sveen
Nasjonalparkforvaltar

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Stikking av vinterløype Juvasshytta-Galdhøpiggen - Juvasshytta		2019/8584

Arkivsaksnummer:	2019/8584-2	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	27.03.2019
------------------	-------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	1/2019	01.04.2019

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Stikking av vinterløype Juvasshytta-Galdhøpiggen - Juvasshytta

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Jotunheimen § 3 pkt. 1.3.e) får Juvasshytta løyve til å utføre kvisting av skiløype mellom Juvasshytta og Galdhøpiggen i samband med påskesesongen 2019.

Med heimel i § 3 pkt. 6.3 k) blir det gjeve løyve til å nytte snøskuter til kvistinga.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Kvistinga gjeld skiløype for påskesesongen 12. april – 22. april 2019. Kvistinga kan starte i veke 15.
- Til kvistinga skal det nyttast kvist frå norske lauvtre. Bambuskvist eller stenger av kunstmateriale kan ikkje nyttast.
- SNO v/ Rigmor Solem (mob. 959 65 158) skal varslast seinast dagen før køyring, med melding om reg.nr. på snøskuter til den/dei som skal stå for kvistearbeidet.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad ved e-post av 26.03.2019 frå Juvasshytta

Saksopplysningar

Søknaden:

«Me ynskjer å stikke over Styggebrean til påske. På grunn av tidleg opning av Juvasshytta og vegen opp ser vi at det kan bli ein del trafikk frå folk som ikkje er så kjende i området. Så for at folk kan ferdast trygt heilt inn til «Porten» og opp til Galdhøpiggen, ynskjer me å stikke trygg løype heile vegen.

Stikkinga vil foregå rundt den 11.april, er sjølv sagt greitt å ha OK vær for å drive med det. Stikka har me hogga sjølve i Bøverdalen og me ynskjer å bruke snøscooter til det.

Tidsrom det kjem til å vera stikka: 12.april – 22.april.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015. NP-styret har i møte 11. mai 2016 delegert til Arbeidsutvalet å gjera vedtak i kurante saker.

Verneformål – forskrift

Forvalningsstyremakta kan i medhald av § 3 pkt.1.3 e) gje løyve til:

«Oppsetting av skilt, vegvisarpilar, merking av nye stiar og kvisting av nye løyper.»

Motorferdsel er forbode i nasjonalparken, men det kan gjevast løyve i samband med:

«Bruk av beltekøyretøy på vinterføre for utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper.» (§ 3, pkt. 6.3 k)

Forvaltningsplan

Utdrag av retningsliner i utkast til forvaltningsplan: “*Det er ikkje ønskeleg å ha kvista skiløyper spreidd over heile området. Nokre område bør vere utan slik tilrettelegging på grunn av den oppleavingsverdien urørte område gjev. Ein hovudregel bør vere at dei kvista skiløypene i hovudsak skal følgje sommarrutene, men med tillempingar m.o.t. tryggleiken*”. - - -

«*Då bruken av snøskuter til kvisting av løyper har eit stort omfang, skal varslingsrutinane og kontakten mellom oppdragsgjevarar, dei som utfører dette arbeidet og forvaltningsstyresmakta vere god. Som hovudregel skal kvisting kombinerast med anna oppsyns- eller tilsynsarbeid i nasjonalparken.*

Samordning av fleire oppgåver gjev totalt sett mindre motorferdsel. - - - »

Naturmangfaldlova

Alle dispensasjonar blir vurderte etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Presedens

Faren for uheldig presedens må vurderast i kvart enkelt høve. Det vil ikkje skape uheldig presedens å stikke ei svært mykje nytta rute i ytterkanten av verneområdet, der det ikkje er registrert konflikt med naturmangfaldlova.

Vurdering

Tradisjonelt har løypestikking vore avgrensa til rutene mellom turisthyttene i og utanfor nasjonalparken med tilrettelegging før påska. Enkelte område i ytterkant av verneområda har også vore stikka til vinterferien.

Ruta til Galdhøpiggen har ikkje vore vinterstikka, men svært mange tek likevel turen opp når forholda ligg til rette for det. Med brøyting opp til Juvvasshytta vil det truleg også verta mange gjester som ikkje er så kjende i området som tek turen til topps. Med påskeopen hytte kan det vera naturleg å ha ei kvista rute, på linje med dei andre påskeopne turisthyttene rundt Jotunheimen. Stikking kan bety ekstra tryggleik og bidra til kanalisering av ferdsel.

Samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- Kunnskapsgrunnlaget når det gjeld naturmangfald (§ 8) er gjeve gjennom bakgrunnsdokument til forvaltningsplan og erfaringsbasert kunnskap samla av fjelloppsyn og forvaltning over fleire år. Det er ikkje kjende hekkelokalitetar for rovfugl eller andre sårbare viltområde nær ruta.
- Føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområde, men avgrensa ferdsel over eit kort tidsrom i april vert ikkje vurdert å gje vesentlege negative konsekvensar. Påverknaden vil i hovudsak gjelde støy i eit avgrensa tidsrom. Men tilrettelegging kan ein leie fleire inn i området, men Galdhøpiggen er blant turmåla som uansett vil ha svært mange besøkande.
- Etter § 10 “Økosystemtilnærming og samlet belastning” skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrring, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Tiltaket er sterkt avgrensa i tid og rom, og må sjåast i samanheng med at Jotunheimen er ein brukspark med stor

friluftslivsaktivitet. Ein kan derfor sjå behov for ei merking når ein registrerer at skituristane uansett vil ta seg fram etter denne ruta.

- § 11 om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er ikkje relevant.
- § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Kvisting utan bruk av motorisert hjelphemiddel er lite realistisk, og snøskuter gjev ikkje varige spor.

Det er etter ei samla vurdering etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 ikkje avdekt kjente forhold knytt til verneverdiar som talar mot stikking av påskeløype til Galdhøpiggen.

Det blir understreka at Nasjonalparkstyret si myndigkeit er avgrensa til forhold heimla i verneforskrifta. Tryggleik knytt til tilrettelegginga må vurderast ut ifrå generelle krav til aktsemd, og er eit forhold som ligg utanom verneområdestyret si kompetanse og myndigkeit. Ein legg til grunn at bedriftene følgjer opp med informasjon til gjester om den generelle aktsemda knytt til skredfare og andre forholdsreglar som kvar enkelt gjest må følgje ved ferdsel i høgfjellet.